



Bank i Butikk vil frå 3. april også omfatta Sparebank 1 Kvinnherad. Her er Gunn Mari Moberg i SPAR. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kontoret til Sparebank 1 Kvinnherad i Uskedalen vert avvikla 3. april og erstatta med Bank i Butikk hjå SPAR der ein kan få utført dei mest vanlege banktenestene.

Assisterande banksjef Kåre Ertsland har no sendt kundane i bygda eit brev med orientering om dei praktiske konsekvensane av skiftet. Her er nokre hovudpøeng frå brevet:

- Når det gjeld uttak er det mogeleg å ta ut inntil 5.000 i kontantar og uttaka kan gjerast med eller utan kort. Men transaksjonen er både enklare og raskare med kort og banken tilrår alle som ikkje har kort i dag om å ta kontakt med banken for å tinga dette. Tenesta vert prisa som om uttaket vart gjort i banken, for tida kostar det ingenting.
- Innskot kan gjerast med inntil 20.000 i kontantar eller utbetalingsanvisningar. Butikken har ikkje myntteljemakin eller nøklar til sparebøssene og desse og større mengder med mynt må takast med til eit av dei ordinære bankkontora. Heller ikkje denne tenesta kostar noko.
- Det er berre kontant girobetaling som kan gjerast i butikken og prisen er 75 kroner pr. giro og fastsett av DNB NOR som leverer den tekniske løysinga. NetBank og/eller BrevGiro er enklare og billigare. AvtaleGiro vil i mange høve vera det enklaste og billegaste.
- Overføring mellom egne konti er ikkje mogeleg i Bank i Butikk. Ein kan få saldoinformasjon på konti som ein eig eller disponerer.
- Dei tilsette i butikken har teieplikt tilsvarande dei banktilsette. Dei har ikkje innsyn på kontoane. Når ein spør etter saldoen vil denne koma fram på skjermen der ein til vanleg tastar koden til bankkortet ved vanleg kortbetaling.

Av Ola Matti Mathisen